

Saksnr: 2019/91-4  
Saksbehandlar: Ingrid Holm Svendsen

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		26.11.2019
Fylkesutvalet		03.12.2019

**Etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune****Forslag til innstilling**

Fylkesutvalet stiller seg bak forslaget til etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.

**Samandrag**

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til god etisk praksis. Grunnverdiane til Vestland fylkeskommune er «kompetent», «open» og «modig». I samsvar med verdiane skal ein tenkje og opptre etisk, òg i høve som ikkje er direkte dekt av reglane. Dei etiske retningslinjene er skildra gjennom fire hovudtema:

- Integritet og moglege interessekonfliktar
- Personleg åtferd
- Digitale plattformer og sosiale medium
- Varsling

Prosjektleiari ser det som nødvendig og viktig å få på plass etiske retningslinjer i arbeidet med å utvikle ein god organisasjonskultur blant dei tilsette i Vestland fylkeskommune, og vil tilrå at fylkesutvalet vedtek det framlagte forslaget til etiske retningslinjer.

Rune Haugsdal  
prosjektleiari

Ingrid Holm Svendsen  
påtroppande fylkesdirektør for  
organisasjon og økonomi

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*

## Vedlegg

1 Forslag til etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Dei etiske retningslinjene for tilsette i Vestland fylkeskommune skal bidra til god etisk praksis. Grunnverdiene til Vestland fylkeskommune er «kompetent», «open» og «modig». I samsvar med verdiene skal ein tenkje og opptre etisk, og i høve som ikkje er direkte dekt av reglane. Dei etiske retningslinjene er skildra gjennom fire hovudtema:

- Integritet og moglege interessekonfliktar
- Personleg åtfærd
- Digitale plattformer og sosiale medium
- Varsling

Tilsette har ansvar for å halde seg oppdatert om innhaldet i fylkeskommunen sine etiske retningslinjer og har ansvar for å bygge ein kultur som stettar desse retningslinjene.

### Vedtakskompetanse

I reglement for folkevalde organ og delegering, vedteke på fylkestinget 15.okotber 2019, heiter det at administrasjonsutvalet skal tilrå i saker som gjeld reglement for tilsette i fylkeskommunen.

Tilrådinga går vidare til fylkesutvalet som gjer endeleg vedtak.

### Forslag til etiske retningslinjer

Prosjektlear viser til vedlegget i saka for nærmare omtale av forslaget til etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune.

### Drøfting med hovudtillitsvalde og handsaming i partssamansett utval

Prosjektlear la fram forslag til etiske retningslinjer på informasjons- og drøftingsmøte med hovudtillitsvalde i dei to fylkeskommunane, 26.08.19.

Merknader og forslag til endringar vart innarbeidd i forslaget til etiske retningslinjer som vidare vart lagt fram for partssamansett utval i samanslåingsprosessen, 2.september 2019. Det vart gjort følgjande vedtak;

*«Partssamansett utval stiller seg bak forslaget til etiske retningslinjer for tilsette i Vestland fylkeskommune, slik det er omtalt i saksframlegget.»*

### Konklusjon

Prosjektlear ser det som nødvendig og viktig å få på plass etiske retningslinjer i arbeidet med å utvikle ein god organisasjonskultur blant dei tilsette i Vestland fylkeskommune, og vil tilrå at fylkesutvalet vedtek det framlagte forslaget til etiske retningslinjer.